

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 2 PINSE 2008

APOSTLENE SATT I JERUSALEM OG VENTET PÅ HERRENS TIME,
FOR ØRET DA BRÅTT DET RINGTE DEM SOM TUSENE KLOKKER KIME.

DA VISTE SEG TUNGER SOM ILD OG GLØD, GUDS ÅND LA DEM ORD I MUNNEN.
PÅ FOLKENES TUNGER GUDS ORD GJENLØD, MANGFOLDIG, MEN ENS I GRUNNEN.

DEN GNIST ULMER HOS OSS ENNU, OPPBLUSSER OG I GUDS TIME;
SÅ GLADELIG RINNER DET OSS I HU AT HIMMERIKS KLOKKER KIME.

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskeseth

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjhelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com
Johannes Melve, Elna Mjelstad, Øyvind Vevle
Layout: Oda Karoline Foldøy

Pinse!



Førti dagar etter påske kjem Kristi Himmelfartsdag, og ti dagar seinare følgjer pinse. På framsida ser vi Giotto si framstilling frå 1305 av det som skjedde i Jerusalem, der læresveinane sat samla og fekk Den Heilage Ande over seg i form av eldtunger. Vi let tre vers av Grundtvig sin pinsesalme frå 1843 fortelje om hendinga, ein kan lesa fleire vers i salmeboka på nr. 221.

Giotto måla biletet saman med andre motiv frå Maria og Jesus sine liv direkte på veggen av eit kapell i byen Padova som ligg på Po – sletta i Italia. Arena – kapellet var bestilt av ein privatmann som ville gjera opp for faren sitt syndeliv. No er det besøkt av kunstinteresserte frå heile verda som vil sjå Giotto sine fresker.

Vi ser apostlane set i eit lite rom inne i ein gotisk bygning med slanke søyler. Denne byggestilen var ny og moderne kring år 1300, og målaren visste sjølvsagt at slike konstruksjonar ikkje fanst i læresveinane si samtid. Giotto var også arkitekt, han har mellom anna laga teikninga til klokketårnet som står utanfor domkyrkja i Firenze. Så kvifor plasserte han ikkje læresveinane i ein bygning med romerske søyler, altså inn i eit rett historisk perspektiv?

Forklaringa finn vi kanskje i det siste verset av Grundtvigsalmen. Giotto gjer som den danske diktaren: Handlinga vert sett inn i ei dagsaktuell ramme. Ein Arenakapell - besøkjande i mellomalderen ville kunna lesa dramaet inn i si samtid: Ja visst skjedde det i bibelsk tid, men sjå, det skjer også i dag.

- Kristoffer Foldøy

ANDAKT

ved Børge Ryland



"UNNSKYLD at eg forstyrrar midt i dåpsselskapet." Eg hadde ringt på døra til familien som hadde hatt den vesle guten sin til dåp i kyrkja. Det er ikkje vanleg at eg dukkar opp i dåpsselskap, men denne gongen fann eg det heilt på sin plass.

Eg hadde akkurat hatt dåpen for denne guten, så fekk eg fram neste dåpsbarnet, og det var då eg fekk ei kjensle av at dei to dåpene ikkje vart like. Etter gudstenesta undersøkte eg nærmere og fann ut kva det var som hadde hendt. Eg hadde gløymt å signe barnet med det heilage krossmerket! Ein rask diskusjon med meg sjølv enda med at eg fann at dåpen var gyldig, men at teikninga av krossteiknet høyrdde med og måtte utførast.

Vel inne i huset hjå familien, spurde eg om det var nokon der som hadde lagt merke til at det var noko som mangla under dåpen. Det vart stilt, heilt til oldemor tok ordet og sa: "Du teikna ikkje barnet med krossteiknet." Eg kunne berre sei meg lei for det, men at slik var det.

Vi samla oss alle i ei krins om barnet, og eg fekk sei: "Eg signar deg med det heilage krossmerket, til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han."

Familien har aldri gløymt dette, og ikkje eg heller. Det vart ei "heilag" stund der på stovegolvet. Og min tabbe vart snudd til velsigning. Gud vere lova.

No er det konfirmasjonane som står for døra, og vi får glede oss.

Då du vart døypt, tok Jesus imot deg, han viste deg ikkje bort, men gav deg plass. Denne plassen er din fordi Gud vil det. Bruk den. Du hører til hjå Jesus som gjekk i døden og stod opp att for at vi skulle få leve. Så viktig er du. Denne kampen Jesus kjempa åleine, og vann, fortel at det er ein kamp som må kjempast for at du skal verte verande hjå Kristus vidare i livet.

Det Jesus vann er vunnen, men ei slik skatt må for du for himmelens og din eigen skuld ikkje misse. Derfor har Gud gjeve oss møteplassar og reiskap, så vi kan strida den gode striden.

Underleg er det, ja vidunderleg, at Bibelen, bøna, fellesskapen mellom dei som har trua, nattverden, gjer oss til eitt med Jesus. Utan han overlever ikkje trua.

Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullføra henne heilt til Jesu Kristi dag. Fil 1:6.

Vi på vår side må gje han rom, opne døra, ta imot. Då stig han inn og signar oss.

BØRGE RYLAND er stiftskapellan, og har våren 2008 m.a. ansvaret for nokre gudstenester og konfirmantopplæringa i Bruvik, Gjerstad og Haus. Engasjementet hans i Osterøy går i denne omgangen fram til sommaren.

MATIAS ORHEIM

- ei minneskisse av Arne Grimstad

Det er no 50 år sidan salmediktaren Matias Orheim (1884 – 1958) døydde. Dette vil ”Kyrkjehelsing” markera med å trykkja denne artikkelen av Arne Grimstad, skrive for bladet ”Stille stunder” i februar 2008. Orheim hadde seks salmar med i ”Nynorsk salmebok” og fekk to med i ”Norsk salmebok” frå 1985, der han er komponist og tekstforfattar for begge. Desse er nr. 425 ”Å var eg meir deg Jesus, lik” og nr. 750 ”Eg har ei teneste stor for Gud”.

I tillegg til å stå bak 13 diktsamlingar, om lag 1000 songtekstar og 178 melodiar, var Matias Orheim omreisande predikant. Han har mellom anna vitja Osterøy.



Først kom han inn i barndomen min. Med store augo såg vi på ein blind mann, som fylte vatn i drikkeglas – og spela på dei. Så song og tala han. Det hugsar eg mindre av.

Neste møtet var i ungdomstida. Kvartetten ”Storm” var på songarferd i Nordfjord. Vi samla inn pengar til ungdomsarbeidet. Dei reiste ein ungdomsheim på Eid. Då møtte

Orheim opp. Og eg hugsar levande kva voner han hadde for ungdomsheimen. ”Dei vil sikre at vi seinare vil få den nye, manndoms kristne tidsalderen.”

Så gjekk det fleire år. Eg vart tilsett som styrar av Skånevika Realskule. Sverre Myklebust, som vart gift med dotter til Orheim, var sokneprest der. Og Orheim budde på prestegarden når han ikkje var ute på reise. Han var der då kona og eg kom til bygda. Marie, kona til Orheim, rette fram handa. ”Her er handa mi,” sa ho med si milde stemme. Då rette gubben sjølv handa fram og sa med sin buldrebas: ”Og her er mi!”

Etter kvart fekk vi mykje med kvarandre å gjera. Ho viste seg å vera lik Maria i Bibelen – mild og

hjartevarm. Han var meir lik Johannes døyparen, ivrig oppteken med å kunngjere det han meinte var sant og rett. Av ein eller annan mystisk grunn fekk han særleg tillit til meg. Det førde til at eg las korrektur på skriftene hans. Han skreiv på vanleg skrivemaskin. Og den dag i dag undrar eg meg over at ein blind mann kunne skriva så rett.

Ei artig lita historie her. Eg var glad i å drive idrett. Og etter ein tur i terrenget ville eg sjå innom og prate med Orheim. Det hadde blitt mørkt, og eg hørde at han skreiv på maskin i siderommet. Eit bryskt mål sa: ”Kom inn” då eg banka på. ”Men Orheim, sit du her og skriv i mørket?” sa eg utan å tenkje meg om. ”Det er alltid mørkt for meg,” sa han og lo. Ja, tenkte eg, men det må vere på utsida. Inne i seg forma han songar av lys. Mange av dei vil leve så lenge vi i landet vårt har kristen song. Både litterært og musikalsk har han skapt ting som lever.

Det blir fortalt at då den velkjende organisten Arild Sandvoll fekk i hendene ein del av tonane til Orheim, undra han seg på om ein lekpreikar kunne skape verdfulle tonar. Han gav toneskaparen den beste attesten.

Bror Magne fortel om eit møte med Orheim. Han budde i barndomsheimen vår, og fekk seg morgonmat. Magne sat ved same bordet. Han ville vite om Orheim ville ha sylte eller ost på skiva. Då kom det morskt: ”Snakk om noko viktigare!” Dei var ikkje polerte, alle utsegnene hans. Ein gong vi drøfta litteratur, sa han om ein kjend og elskar forfattar: ”Han er eit vekte fleipetryne!” Då er det godt å vita at ein kan vera glad i eit menneske utan å vera samd med vedkommande.

Siste gongen eg på ein måte møtte Marie og Matias Orheim, var på Stårheim kyrkjegard. Dei er gravlagde der. Og støtta over dei er forma av den kjende kristne kunstnaren Anne Grimdalen. Då måtte eg tenkja på den vissa Orheim alltid gav uttrykk for. Dei skulle få vandre bort i lag. Nokon prøvde å snakka han til rette. Dette kunne ikkje han ha noko med. Og så vart det slik likevel. Det skilde dei berre nokre minutt på avferdsdagen.

Eg vart ståande lenge ved grava. Minnest og takka. Hugsar den varme kvinnen som tok på seg å følgja den blinde gjennom eit langt og strevsamt liv. Og som tok seg så vennleg av oss framande. Hugsa han, som ynskte å vise Kristus i liv og arbeid. Visst kunne han etter mitt syn vere både steil og uforsonleg. Men han brann! Og varmen frå det han skapte, har i alle høve gjort mitt liv rikare.

KYRKJEVERJA INFORMERER

VÅR - RYDDING PÅ KYRKJEGARDANE

Kyrkjeleg fellesråd har nett hatt opprydding på gravplassane, etter at pårørande har vore og sett til, og stelt sine graver til påske/ våren. Etter dei store høgtider vert det mykje avfall, det meste organisk materiale, men det vert også ein del papir og plast etter oppryddinga.

Kyrkjeleg fellesråd prøver med dei midlar vi har til rådvelde å halda kyrkjegardane i så fin stand som mogeleg. Men vi er også avhengig av hjelp frå dei som bruker gravplassane til å halda ein god standard på rydding/ boss.

Vår erfaring er at 75% av bosset som blir liggjande att er organisk materiale som vi kan kompostere. Resten er plast og papir. Kyrkjakontoret vil i løpet av nokre veker sette opp skilt på dei ulike kyrkjegardane med henvising til kor ein kan leggja boss som kan komposterast.

Det hadde vore til stor hjelp for oss, dersom dei som steller gravene kunne sortert bosset slik at organisk materiale blir lagd i komposthaug som er merka på kyrkjegarden og anna boss i BIR- container.

Vi vonar at vi saman kan gjere vårt beste for at kyrkjegardane på Osterøy skal vere ryddige og velstelte.

PRISAR PÅ GRAVTENESTER UTFØRT AV OSTERØY KYRKJELEG FELLESRÅD OG LEIGE AV KYRKJER

Desse satsane gjeld får og med 01.02.2008, vedteke i møte i Osterøy kyrkjeleg fellesråd 29.01.2008. Dette er satsar som gjeld Osterøy kyrkjeleg fellesråd. Gravferdsbyrå har sine eigne prislistar.



Bruvik kyrkje


UTGIFTER KNYTT TIL GRAVFERD

- | | |
|---|---|
| 1.1 Montering av nytt gravminne | |
| kr. 950,- | |
| 1.2 Justering av gravminne | |
| kr. 650,- | |
| 1.3 Oppretting med bolting | |
| kr. 550,- | |
| 1.4 Feste av grav pr. år utover fredningstida | |
| kr. 90,- | |
| 1.5 Festeavgift born | |
| kr. 0,- | |
| 1.6 Festegrav – ektefellegrav | |
| kr. 900,- | |
| 1.7 Flytting av gravminne ved bruk av gammal grav | |
| * | |
| 1.8 Stell av grav | |
| kr. 850,- | |
| 1.10 Kistegrav-innbyggjarar busett i andre kommu. | |
| kr. 6600,- | |
| 1.11 Urnegrav - | " |
| kr. 3300,- | " |
| | " |
| | " |
| | " |

* Vert fastsett i kvart tilfelle.

LEIGE AV KYRKJER

- | | |
|---|--|
| 2.1 Konserter mv, 10% av bill.inntekter, minimum | |
| kr. 2000,- | |
| 2.2 Bryllaup. Innbyggjarar busett i andre kommuner | |
| kr. 1400,- | |
| 2.3 Gravferdsseremoni utanbygds – andre trussamfunn | |
| kr. 2200,- | |
| 2.4 Omvising i Hamre kyrkje pr. person | |
| kr. 30,- | |



Hosanger kyrkje

NÅR DET REGNAR PÅ PRESTEN.....

så dryp det på klokkaren!

Grunnlaget for det gamle ordtaket er i våre dagar i ferd med å bli borte, i og med at klokkenestenasta ikkje lenger er ei lovpålagd og lønna stilling. Det er no opp til kvar kommune å bestemma korleis tenesta skal organiserast.

Tekst: Kristoffer Foldøy

I 2006 bestemte Osterøy Kyrkjeleg Fellesråd å leggja ned stillingane som fast tilsette klokkarar kringom i dei ulike sokn på øya. Dette blei gjort for å spara pengar. Ei ambulerande frivillig og gratis teneste har no teke over. Dermed er ein fleire hundre år gammal tradisjon og ei høgstatusteneste i kyrkja kraftig nedgradert.

Opphaveleg var klokkenestenasta

knytta til klokkeringinga, av det kom namnet *klokkar*. I mellomalderen nytta ein kyrkjeklokkene kvar dag for å kalla til tidebøner, så dette var ei tidkrevande teneste. I katolsk tid nytta ein også nokre små klokker inne i kyrkja når det var tid for nattverd. I tillegg hadde klokkaren andre oppgåver av praktisk art: Tenning av lys, reinhald og tilsyn med kyrkjebygget. Men etter kvart kom klokkaren sitt arbeidsfelt til å bli meir integrert i sjølve gudstenesta, og kyrkjetenarane tok over klokkeringing, reinhald og andre praktiske gjeremål.

Kyrkjesongar

Tidlegare gjekk klokkaren også under namn som degn (som framleis vert nytta i Danmark) eller kyrkjesongar.

Han skulle hjelpe presten under gudstenestene. Før orgel blei vanleg i kyrkjene, var ein viktig funksjon å vera forsongar under salmesong og å leia kyrkjelyden gjennom dei liturgiske delane av gudstenesta. Det var derfor viktig å tilsetja ein klokkar som både hadde tydeleg røyst og god songstemme. Etter kvart overtok organist og kantor desse oppgåvene.

Tekstlesar

Framleis har klokkaren tekstlesingsoppgåver og ansvaret for kunngjeringane, det siste ein gammal tradisjon som kan førast tilbake til den tid dette vart gjort på kyrkjebakken etter gudstenestene. I mellomalderen vart tekstlesingane gjort av ein *lektor*, ordet kjem frå latin og

Dette var klokkgarden på Hamre før i tida. Området omkring fekk namnet Klokkarneset.





Hamre skule i tretti åra.

Lærar og klokkar Josef Hammer står til venstre.

1. rad frå venstre: Lars Tøsse, Johanna Hårklaau, Agnes Hammarsdal, Gunnhild Haugland, Haldis Sandal, Berit Edvardsdal, Aslaug Haugland, Gerd Eidsheim, Astrid Bleikli, Nils Sandal.

2. rad frå venstre: Karl Hustrulid, Artur Eidsheim, Birger Eide, Ola Sandal, Arne Sandal, Ola Bleikli, Nini Kvistad, Helga Tøsse.

3. rad frå venstre: Laila Hårklaau, Gunnvor Hammer, Malena Espeland, Johanna Haugland, Ingeborg Eikeland, Vesla Hammer (lærarvikar).

Bakerst frå venstre: Lars J. Sandal, Ivar Haugland, Astor Kvistad, Harry Henriksen, Olav Angelskård

Utlån foto: Haldis Sæbø

tyder ”lesar”. Denne tenesta hadde høg status, det var eit fåtal som kunne lesa godt nok til å utføra embedet på skikkeleg vis. Men etter reformasjonen fall dette inn under klokkaren sitt arbeidsområde.

Lærar

Klokkaren hadde på same vis som presten ofte ein gard å bu på. Denne måtte sjølv sagt ikkje overgå prestegarden i størrelse og prakt. Då skulelova kom i 1739 vart det fort vanleg med kombinasjonen klokkar og lærar. Og i den reviderte lovteksten frå 1827 står det at i hovudsoknene skal klokkaren få klokkargard å bu på og i tillegg vera lærar på ein fast skule. Denne praksisen heldt seg til langt fram på 1900 – talet, også nokre stader på Osterøy.

Presten og klokkaren

At både prest og klokkar har fått så stor plass i folkediktinga vår, seier noko om kor viktige desse personane var i samfunnet i tidlegare tider. Ordtaket eg innleia denne artikkelen med, er eit eksempel på det. Eit anna er eventyret ”Presten og klokkaren”

som står i samlinga til Asbjørnsen og Moe. Det handlar om ein prest som er så stor på det at han vert irettesett av sjølvaste kongen. Men til å svara for seg sender presten like godt klokkaren, ”som hadde ord for å vera betre i kappa enn presten”. For medan ein del prestar ute på bygdene var slike som med naud og neppe hadde kome seg gjennom presteksamen, og nokre av dei var danske som ikkje fekk embede heime i Danmark, var klokkarane mellom dei klokaste lekfolk i bygda. Då kunne det rett som det var vera klokkaren som var den beste til å føra ordet av dei to.

Forteljinga om kjerringa som ønskte nyepresten velkommen er eit anna kosteleg eksempel på tilhøvet mellom prest og klokkar i gamle dagar. ”Velkommen skal du vera,” sa ho, ”eg vonar du får eit langt liv her hjå oss. Men klokkaren får vi tru fort vandrar over i det evige”. Då ho blei spurt kva ho meinte med det, svara ho: ”Jo, for kvar ny prest vi får, vert han berre verre og verre. Men klokkarane vert betre og betre for kvar gong det er eit skifte.”

Slutt på gamal ordning

Når vi no er i ferd med å avslutta ein mange hundre år lang tradisjon med fast klokkar i Den Norske Kyrkja, er det rart kor lite omsnakka det er. Emnet er ikkje framme i noko debattforum eg har registrert. For den vanlege kyrkjegjengjar er forandringa ikkje så lett å merka, anna enn at det i mange kyrkjer heile tida er nye personar som gjer klokkarteneste. Det er sjølv sagt positivt at fleire menneske på denne måten vert deltagarar i utøving av dei kyrkjeloge handlingane. Men at eit betalt arbeid i kyrkja no skal gjerast på dugnad, kan berre sjåast på som ei degradering av stillinga.

HENRIK WERGELAND - EIT 200 - ÅRS JUBILEUM

Ved Madli Hannisdal

Han søkte presteteneste i 21 menighetar rundt om i Norge, men fekk ingen av dei. I år er det 200 år sidan Henrik Wergeland, Norges nasjonalikon, blei fødd. Gjennom sitt korte liv fekk han utretta mykje og var den som stifta feiringa av vår nasjonaldag. Utan Henrik Wergeland ville vi neppe hatt 17.mai. Vi kan dette året hylla han som lyrikar, patriot, naturforskar, folkeopplysningsmann barna sin venn og som kjempa for jødane sin rett til å få vera i Norge. I år vil vi markera Wergeland med kulturkveld på Hauge bedehus på 17. mai om kvelden med kåseri, musikk og diktlesing.

Eit av hans vakre dikt/ song, Den prektigkledde sommerfugl, har fått plass i den nye salmeboka.

Harald Myklebust musikklærar ved NLA lærarhøgskolen skriv følgjande, som eg har fått lov å dele med lesarane i Kyrkjehelsing:

Den prektig kledde sommerfugl

*Den prektig kledde sommerfugl er
føyet fra Guds hånd. Han gav den gylne
ringer og røde purpurbånd.*

*Han lærte den å flyve høyt, høyere enn
jeg er. Den har nok fuglens lyster men ei
dens dun-og fjær.*

*Og alle verdens mennesker og alle
kongebud, ei gjøre kan en sommerfugl.
Det kan alene Gud.*

Henrik Wergeland 1840

SOMMERFUGLEN ET OPPSTANDELESESSYMBOL (NsB 285)

På en tur til en av våre best bevarte stavkirker i nord-Østerdalen, ble vi gjort oppmerksomme på en liten detalj på de gamle gravstøttene: I stedet for korset var en sommerfugl preget inn! Og satt inn i forvandlingens tegn, hva skulle egentlig passe bedre over et menneskes grav som har fått sovnet inn i Jesu navn, ved Hans død og oppstandelse for oss?

Henrik Wergeland (1808-1845), denne "rastløse og urolige ånden" som hans far, prost Nicolai, beskrev hans barndom som, er ikke mellom våre salmediktere til tross for hans mange dikt og sanger, og ikke minst i hans skrifter og taler som løfter opp barnet og småkors-folket, menneskeverdet, religionsfriheten, - der både jøden og "moslimen" (!) måtte ha sine fulle retter, og ikke minst naturens mangfoldige skapninger. Han ville

bli prest, men fikk aldri noe kall fordi han var alt annet en "god" med overklassen/øvrigheten, som "diskvalifiserte" han. HW la aldri noe i mellom. På grunnloven sin grunn kjempet han for folket gjennom opplysning og rett til et verdig liv: som "For folkeveldet i Norge, mot stormannsveldet i Sverige".

Vi markerer i år hans 200 år, og med vår egen kronprinsesse, Mette-Marits, CD i øret om dagene, med blant andre HWs "Den prektig kledde sommerfugl", så må vi trekke denne fram ifra NsB. En kan gjerne her videreføre symbolikken i det faktum at ei sørlandsjente med "alle odds mot seg" i en periode, ble "forvandlet" til kronprinsesse!

Men her i denne sangen fra diktsamlingen "Vinterblommer i barnekammeret", 1840, (en salme er det knapt) møter vi en HW som prøver å gi barna gode sanger med innhold, til bruk i ulike fag (!), med både estetisk og etisk substans, både for å sette deres fantasi i sv



ing, men også se på sin egen storhet i alt det skapte: Vi er skapte i Guds bilde.

"Og alle verdens mennesker og alle kongebud, ei gjøre kan en sommerfugl. Det kan alene Gud."

Skulle vi prøve å finne inn til en *salme* av HW, måtte det bli *"Kun dagligdags er all din dont"*. Her i 2. verset synger han:

"Men kom til Jordans tause bredd ei verdens store frelser ned ?

Slikt Nil og Frat ei hendte.

Velan. La Jesus komme selv til dine dagers stille elv !

Hvor godt, om tytt de trillet, når de kun bar hans billed."

HW ble bare 36 år da tuberkulosen "tok han til sides", men han skrev seg gjennom sykeleiet. Ikke bare i *"Nu siste reis meg forestår.."*, men kanskje spesielt i:

*"Gyllenlakk, før du din glans har tapt,
Da er jeg det hvorav alt er skapt: Ja, før du mister din
krones gull, da er jeg muld"*

*To ganger kysser jeg din sôte munn
....min rosenbusk....".*



Henrik Wergeland

Vandring gjennom Bibelen - kurs i Bibelkunnskap

***Formål:
Å fremja bibelglede og auke bibelkunnskap***


Kurset gjev deg:

- Oversikt over dei viktigaste hendingane i GT/NT
- Presentasjon av bibelske personar og stader
- Dei store linjene i bibelforteljingane
- Nøkkelord til dei ulike bøkene

"Vandring gjennom Bibelen"

v. Hilde Sæbø Fjeldstad blir 19. og 20. sept i Haus kyrkjelydshus. Set av datoane no.

Program og påmelding i neste nummer av Kyrkjeheising



Er du interessert i å ta del i eit kurs?

**Kontakt Madli Hannisdal
Tlf: 56 39 43 21 - 913 30 928**

KULTURVELD

***Kulturkveld for heile familien på Hauge bedehus 17.mai. kl. 19.00.
Kåseri om Henrik Wergeland ved høg-skolelektor Harriet Garlid.
Musikk v. Lars Erik Haga. Diktlesing.
God servering.***

Alle er hjarteleg velkomne!

Arr: Hauge indremisjon

KYRKJESTATISTIKK

TENESTER	BRUVIK	HAUS	GJERSTAD	HAMRE	HOSANGER
GUDSTENESTER	13 (19)	24 (25)	32 (37)	27 (30)	24 (26)
TAL TIL STADES	529 (1198)	2785 (2881)	4060 (4331)	4077 (3310)	2128 (2302)
NATTV.GJESTER	72 (70)	462 (439)	536 (811)	639 (692)	260 (233)
DØYPTE	0 (5)	22 (18)	21 (15)	30 (17)	12 (15)
VIGDE	0 (2)	0 (1)	4 (4)	5 (5)	0 (3)
KONFIRMERTE	1 (7)	13 (15)	18 (26)	36 (13)	20 (24)
INNMELDE	0 (1)	0 (0)	0 (0)	2 (0)	0 (1)
UTMELDE	0 (0)	0 (3)	4 (3)	5 (2)	0 (3)
OFRINGAR	Kr. 16391	Kr. 65961	Kr. 123030	Kr. 55966	Kr. 50286

TOTALT FOR PRESTEGJELDET		
GUDSTENESTER	120	(137)
TAL TIL STADES	13579	(14022)
NATTV.GJESTER	1969	(2245)
DØYPTE	85	(70)
VIGDE	9	(15)
KONFIRMERTE	88	(85)
INNMELDE	2	(2)
UTMELDE	9	(11)
OFRINGAR	311634	(323782)

Tala i parentes er 2006

Tala vil naturleg nok skifte noko frå år til år, men dette er likevel om lag som vanleg på Osterøy.

Det har vore ein reduksjon på 17 gudstenester frå 2006 til 2007. Dette er styrt.

Det har vore ein samla nedgang på frammøtte på 443 som er ein nedgang på ca. 3% frå 2006 til 2007.

Den største nedgangen har vært med 55% i **Bruvik kyrkje**. (1198 deltakarar på gudstenestene i 2006 og 529 deltakarar i 2007)

I **Gjerstad kyrkje** har nedgangen vore på ca. 7%. (4331 deltakarar på gudstenestene i 2006 og 4060 deltakarar i 2007)

I **Hamre kyrkje** har det vore ei auke på ca. 25% frammøtte med ei reduksjon på 3 gudstenester frå 2006 til 2007.

For dei to andre kyrkjene er der små endringar.

Antallet på frammøtte pr. gudsteneste er 103 deltakarar i 2007, det same tallet som i 2006.

Vi vil også nemna at det vanlegvis er svært stort frammøte i gravferdene. Dette vitnar om godt samhald og stor tilknyting til kyrkja på Osterøy.

- Kyrkjeverja

SOKNEPRESTEN SVARAR

Ny ordning av nattverdutdelinga

Å dyppa brødet i vinen er brot med det Lutherske læregrunnlag. Det klåre Gudsord skal ha autoritet. Innstiftelsesorda seier et og drikk. Jesus sa ved innstiftelsen: Drikk av den alle.

I samsvar med dette er nattverd med dypping av brødet ikkje nattverd etter Luthersk lære.

Kvifor skal me då bruka den forma?

Kva med ordet, "Et og drikk seg sjølv til doms der som han ikkje aktar på Herrens lekam"?

Me har over lengre tid hatt totalitære tankar i kyrkjeleg samanheng. Dette er og i strid med Læregrunnlaget vårt. Kyrkjelydane kunne før ha liturgiske ledd som dei valde sjølve. Det vart slutt på det. Dette innebar at ein kyrkjelyd ikkje lenger fekk lov å syngja verset. "Lat ikkje verdi med si makt oss draga frå vår dåp og pakt. Men gjev, vår lyst og lengting må til deg, til deg åleine stå" etter truvedkjenninga.

Ved bispevisitasen vert det sagt at me skulle få fleire valgmuligheter. Eg kan ikkje sjå at det er komme nokon. Og slik det var skrive i kyrkjelydsbladet så var det best at alle soknene i prestegjeldet vedtok den nye nattverdordninga.

- *Magnvald Mæstad*

Kva er bibelsk ?


Det som er luthersk bør vera bibelsk. Å dyppa brødet i vinen er ei ordning som er kome i bruk i Den norske kyrkja i særlege høve. Her på Osterøy vil denne ordninga verta brukt berre ved særlege høve, ikkje som normalordning. Innstiftingsorda gjer at sjølv med å dyppa brødet i vinen får den som går til nattverd ,del i Jesu lekam og blod

Når det i innstiftingsorda heiter :"Drikk alle av den", så skulle det brukast felleskalk dersom me skulle fylgja ordlyden slavisk. Kor mykje brød nattverd-brødet smakar hjå oss, kan diskuterast .

Når det gjeld dette å eta og drikka seg til doms, så er det å bruka nattverden på ein uverdig måte, dvs. om dei som ikkje skilde mellom eit vanleg måltid og Herrens lekam og blod. Ordet verdig er adverb og ikkje adjektiv, og det er no omsett "på urettvis". Og me har det same ved dåpen. At dei praktiserte neddukking i den fyrste kristne tida, er det ingen grunn til å tvila på. Eg ser ikkje mengda av vatn som det avgjerande ved dåpen, men at det er vatn som er helga ved Guds ord som gjer dåpen til kristen dåp.

Elles har soknerådet høve til å vedta ein heil del i liturgien, og større valfridom vil det koma i framtidia.

- *Johannes Melve*





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

APRIL

2. s. e. påske, 6. april 2008:

* Sal 23; Hebr 13,20-21; Joh 21,15-19

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til KRIK
(Kristen idrettskontakt).

3. sundag etter påske, 13. april 2008:

Joh 14,1-11; Sal 126; 2 Kor 4,14-18

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer. Årsmøte for kyrkjelyden
etter gudstenesta.

Torsdag 17. april 2008:

Haus kl. 19: Samtalegudsteneste. Ryland.

Hosanger kl. 18: Samtalegudsteneste. Sørheim.

4. sundag etter påske, 20. april 2008:

Joh 15,10-17; Jes 1,18-20; 1 Joh 4,10-16

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve. Osterøy
kyrkjekor. Årsmøte for kyrkjelyden
etter gudstenesta.

Torsdag 24. april 2008:

Gjerstad kl. 19: Samtalegudsteneste. Ryland.

Hamre kl. 18: Samtalegudsteneste. Sørheim.

5. sundag etter påske, 27. april 2008:

Matt 6,6-13; Dan 6,4-12; Rom 8,24-28

Haus kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hosanger kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste.
Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

MAI

Helgetorsdag (Kristi himmelfartsdag)

1. mai 2008: Hebr 2,5-9; Sal 110,1-4; Apg 1,1-11

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve og
Sørheim. Takkoffer til KRIK.

Laurdag 3. mai 2008: Joh 17,9-17; Sak 14,7-9; Ef 4,1-6

Gjerstad kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Melve.
Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

6. sundag etter påske, 4. mai 2008: Joh 17,9-17; Sak 14,7-9; Ef 4,1-6

Gjerstad kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Melve.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Pinsedag, 11. mai 2008: Joh 14,15-21; Joel 3,1-2; Ef 2,17-22

Bruvik kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kristent innvandrarrabid

Andre pinsedag, 12. mai 2008: Joh 6,44-47; Esek 11,19-20; Apg 2,42-47

Hamre kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Melve og
Sørheim. Jon Herland er predikant. Takkoffer
til kirkens SOS. Osterøy kyrkjekor. Kyrkjekaffi.

Grunnlovsdag, 17. mai 2008: Joh 12,35-36; 5 Mos 30,19-20a; Fil 3,12-16

Haus kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til
Kirkens Bymisjon.

Bruvik kl. 11: Lekmannsmesse Øyvind Vevle.
Takkoffer til Redd Barna.

Gjerstad kl 12: Festgudsteneste.

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 12: Festgudsteneste. Sørheim.

2. s. e. pinse, 25. mai 2008: Luk 12,13-21; Fork 12,1-7; 1 Tim 6,6-12

Raknestunet kl. 11: Familiegudsteneste. Sumar
avslutning for sundagsskulane.
Takkoffer til Osterøy sundagsskule
lag. Sokneprest Ingvard Hageberg.

JUNI

3. s. e. pinse, 1. juni 2008: * 1 Kor 1,26-31; 5 Mos 7,6-8; Luk 19,1-10

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Ryland. Melve preikar. Osterøy kyrkjecor.
Takkoffer til LMF - Lærerinnenes misjonsforbund - i høve jubileum.

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

4. s. e. pinse, 8. juni 2008: Luk 15,11-32; Jes 65,1-2; 1 Pet 5,5b-11

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Amathea, rådgivnings tjeneste for gravide.

5. s. e. pinse, 15. juni 2008: Joh 8,2-11; Sak 7,8-12a; Rom 2,1-4

Haus kl. 11: Gudsteneste. Melve. Dåp. Grilling i prestegardshagen etterpå.

Gjerstad kl. 17: Familiegudsteneste. Melve.
Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. Utdeling til 6-åringane.
Kyrkjecaffi.

6. s. e. pinse (Aposteldagen), 22. juni 2008: Matt 16,13-20; Jer 1,4-10; 1 Pet 2,4-10

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Melve. Sørheim. Besøk fra Vaksdal. Kyrkjecaffi.

7. s. e. pinse, 29. juni 2008: * T 1 Tess 4,2-9; Jos 24,19-24; Matt 16,24-27

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Kyrkjelaget sin basar i Haus vert
1. mai klokka 16.000

ØKONOMI

Kva kostar "Kyrkjeheising"?

Set ein opp eit enkelt reknestykke der ein dividerer utgiftene med å produsera bladet på trykte eksemplar, ser ein at kvart enkelt nummer kjem på om lag kroner 7,50. Driftbusjetten pr. år med å gje ut fem nummer er tilslaman på om lag 115 000 kroner.

"Kyrkjeheising" er eit lågkostnadføretak. Men desse pengene må likevel koma inn på ein eller annan måte. Tidlegare har ein nytta ei ordning med ilegg av ein giroblankett, men å leggja inni ein slik kostar i seg sjølv 2600 kroner.

Sidan mange no til dags betalar rekningane sine over nettet, har vi lyst til i første omgang prøva å unngå den fordyrande giroblanketten i bladet. Dei som framleis ønskjer å betala på gammelmaßen, finn tomme giroblankettar til utfylling i banklokala kringom.

Vi ønskjer å halda fram med ei friviljug betalingsordning, sidan folk busette i kommunen får "Kyrkjeheising" i postkassen sin enten dei vil eller ei. Og vi vonar at fleirtalet set pris på bladet og det ein kan lesa der.

Tidlegare erfaring viser at gjennomsnittleg ein tredjedel av Osterøy sine om lag 3000 husstandar årleg har sendt inn pengar. Derfor har tidlegare innbetalingsblankettar vore påført 100 kroner. Det hadde sjølv sagt vore hyggjeleg om talet på innbetalalarar hadde auka. Økonomien for bladet er såpass därleg at det i fjar måtte forskoterast pengar for å få ei utgjeving til.

Kor stor sum kvar og ein vil setja inn vil vi ikkje leggja oss opp i. Kvar krone er til hjelp. Dersom de ønskjer å støtta utgjevinga av bladet, kan de setja pengar inn på denne kontoen:

"Kyrkjeheising" 5282 Lonevåg

Kontonummer 0530 35 86484

Slekters gang

HAUS

Døypete:

16.12.07 Andreas Midttun

Gravlagde:

15.02.08 Mons O. Mjelde (f. 1944)

19.02.08 Daniel Lid (f. 1965) Jordfesting

13.03.08 Trond Solberg (f. 1971)

GJERSTAD

Døypete:

17.02.08 Erlend Fjellskålnes Sylta

17.02.08 Marius Krossøy

17.02.08 Frida Krakhella Hekland

16. 03.08 Simon Fossdal

23.03.08 Line Gjeitrem Henriksen
(Haugerud, Oslo)

Gravlagde:

15.02.08 Sylvia Nellie Kallekleiv (f. 1935)

20.02.08 Torleif Yddal (f. 1940) Bisett

22.02.08 Ingeborg Teigland (f. 1919)

23.02.08 Johanna Solberg (f. 1920)

12.03.08 Hans Søgnesand (f. 1918)

26.03.08 Trygve Teigland (f. 1931)

HOSANGER

Gravlagde:

30.11.07 Malvin Oliver Hanstveit (f. 1913)

21.12.07 Tommy Hellevang (f. 1982)

28.12.07 Johannes Erstad (f. 1936)

03.01.08 Eivind Haugstveit (f. 1930)

01.02.08 Jenny Kallekleiv (f. 1929)

05.03.08 Marta Birkeland (f. 1923)

07.03.08 Kari Vare (f. 1958)

11.03.08 Kristine Siglevik (f. 1934)

14.03.08 Ingrid Hatland Røsland (f. 1924)

01.04.08 Oddvar Romarheim (f. 1956)

09.04.08 Sofia Vedå (f. 1914)

BRUVIK

Døypete:

16.12.07 Andreas Midttun

17.02.08 Ida Malene Tangen-Kalkan

Gravlagde:

25.02.08 Johan Nicolai Bernhard Gran (f. 1950)
Laksevåg Kirke

HAMRE

Døypete:

25.12.07 Leander Berisha

06.01.08 Ingrid Sofie Midtbø-Bruner

06.01.08 Samson ElSayed Daltveit

27.01.08 Sofie Rundhovde Sletner (Fjell sokn)

27.01.08 Monica Tvedt Tepstad (Hosanger sokn)

03.02.08 Ida Knutsdatter Mathisen (Gjerstad)

24.02.08 Magrethe Fjellskålnes (Gjerstad sokn)

21.03.08 Ileen Olsen

21.03.08 Alexander Tvedt Teigland (Hosanger)

Vigde:

05.04.08 Birthe Eide og Johan Fredrik Småland

Gravlagde:

27.02.08 Olav Enes Kåstad (f. 1948)

18.03.08 Solveig Elvik (f. 1920)

03.04.08 Ingeborg Rundhovde (f. 1910)

KONFIRMANTAR 2008

KONFIRMANTAR I HAMRE KYRKJE SUNDAG 4. MAI KL 11

KARI MARIE BØRTVEIT
MARINA SKROLSEVIK BØRTVEIT
REMI EIKELAND THORELL
ANGELSKÅR
KIM ANDRE FORTHUN
HANNE CHARLOTTE HAUGLAND
HÅVARD SKAAR HERNES
HILDE HUSTRULID
KRISTIN ROGNALDSEN
HUSTRULID
ØRJAN MYRTVEDT KALLEKLEIV
CHRISTINE KALLEKLEIV NILSEN
INGEMAR OLSEN
STIAN MELCHERSEN PRESTTUN
SINDRE EIDSHEIM RAKNES
OLA BRAATHEN REIGSTAD
SANDRA CATHRIN RØSKELAND
SIREN SKÅR
MARTIN VEDÅ SKÅR
OLE RASMUS UTHAUG SØRÅS
EVEN TEPSTAD
KIM BIRKELAND TVEDT
KJARTAN TVEDT
KENNETH VASQUEZ
ASBJØRN TØSSE
KRISTER LOSNEGÅRD WORREN
RAGNHILD HOEL ÅRHUS
EMIL ANDRE ØKSNES

KONFIRMANTAR I HAUS KYRKJE SUNDAG 27. APRIL KL 11

LISA-MARIE GUNDERSEN
CAMILA HERNAR
SIMON MYKING KVEEN
IDA MARIE MIDTTUN
SUSANNE MJELDE
RIKARD NESSESTRAND MJØS
RANDI ROLLAÅN
ARLEN STOKKE
FRODE STOKKE
HELEN STOKKE
KENNETH ANDRÉ VATLE
STEPHAN VIK
PER-ØYSTEIN ZACHARIASSEN

KONFIRMANTAR I HOSANGER KYRKJE SUNDAG 27. APRIL KL 11

REMI AASHEIM
JOAR VIK BIRKELID
JØRGEN ZACHARIASSEN
FJÆRESTAD
GLENN LONE FOTLAND
SINDRE NORDÅS FOTLAND
OLE HENRIK HOPSDAL
TANITA GJERSTAD HAGEBØ
KAROLINE SOFIE HANSTVEDT
AUDMARIT HANSTVEDT
AMALIE RONGVED HANSTVEDT
STEFFEN JOHAN OLAUSSEN
HANSTVEDT
MARIELLE KALLEKLEIV
MATS KLEPPE
SONDRE MANDELID KLEPPE
JOHN ERIK TVEDT LAVIK
SEBASTIAN BJØRNSØNN LUDVIGSEN
BJØRN ERIK MATHISEN
SIMEN HOSHØVDE MATRE
MARIUS VELAND MERKESVIK
JON CARLOS MJØS
RUBEN NIELSEN
ERLEND GREVE RISHOLM
TRINE RONGVED
HEIDI IREN STOKKEN
ANDERS AAKRE SVENSSON
MALIN THERESE DALSEIDE VEDÅ
ADELA TYSSE VILLEGAS

KONFIRMANTAR I BRUVIK KYRKJE SUNDAG 11. MAI KL 11

ASBJØRN BRUVIK
PHILLIP EVANGER
LARS FJELDSTAD
STIAN HEKLAND MJELDE
KAROLINE LILLEHEIL OMMEDAL
JØRGEN SKAFTUN
AINA BERENTSEN VASSDAL
MICHAEL KÅRE VIKNE

KONFIRMANTAR I GJERSTAD KYRKJE LAURDAG 3. MAI KL 11

MARIA DYVIK
ÅSHILD FLESLAND
LAILA MARLEN FOSSBAKKEN
MORTEN GJERSTAD
RENATE FOSSDAL GJØSTEIN
CHARLOTTE HANSEN
DORTHE NEU HATLAND
STINE LONE HATLAND
IDA JOHANNE HAUGE
ADRIAN SAXSTAD LARSEN
MARIE MYKING
ANJA RONGVED
ANNA BORGE SOLBERG
ISELIN AHMER SOLBERG
KJETIL SOLBERG
SIMEN MJELDE SOLBERG
STINE AGNETE SOLBERG
ATLE NORPOLL TEIGLAND
MARKUS JOHAN VEVLE


KONFIRMANTAR I GJERSTAD KYRKJE SUNDAG 4. MAI KL 11

KIM HUNDHAMMER KALLAND
KRISTINE LONE KALLEKLEIV
TONJE HORN KOLBJØRNSEN
SYNNØVE LØTVEIT LONE
SARA VEVLE LAASTAD
KANNY-MARIE MOBAKKEN
HILDE SOLBERG MONSEN
SILJE TYSSEBOTN NESTHUS
SUNNIVA GREVE NESTHUS
ASTRID RØD
LINN SKJERPING
ROBIN TYSSE
BORGHILD ANDERSDOTTER
VEVLE
ELISABETH REVHEIM VEVLE
HOGNE MIDTBØ VEVLE
KAMILLA ESPEVOLL VEVLE
MARTE VEVLE

HAMRE - ALTERET I NY DRAKT

Planen med å eksponera deler av det gamle steinalteret i Hamre kyrkje er no kome eit viktig steg vidare. Åshild Rød har på bakgrunn av ulike idear og framlegg teikna eit forslag som Hamre sokneråd einstemmig har sluttat seg til. Det går ut på å leggja ei glasplate som alterbord over det opphavelege steinbordet, slik at ein kan sjå ned på det og staden ein oppbevarte ein relikvie i mellomalderen. I alterfronten vert det eit glasfelt slik at ein ser inn på det murte alteret, som no er innebygd med eikefiner. Ellers vert alteret av tre som no, men det må vurderast korleis dette skal lagast til.

Det har lenge vore eit ønskje om å visa fram den flotte arven kyrkja har frå katolsk tid, men ein har vore i tvil om korleis dette kunne gjerast på ein verdig og samstundes praktisk måte. Hamre sokneråd har no avslutta første del av planfasen, og forslaget skal no sendast vidare for godkjenning.



På dette manipulerte biletet kan vi få eit inntrykk av korleis alteret kan bli sjåande ut.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

"Kyrkjehelsing"
nummer to for 2008 er i hendene dine. I samband med eit redaksjonsmøte vi hadde på kyrkjekontoret, fekk eg sjå på tidlegare årgangar. Heldigvis har ein teke vare på eit nummer av dei fleste blad som har kome ut etter at kyrkjesokna på Osterøy tok til å samarbeida om eit felles kyrkjeblad.

Eg har også kikka i eldre kyrkjelydsblad, frå 1940 - og 1950 - åra. Dei er mest å likna på lokalavisene våre i dag. Der står det om dramatiske hendingar, reportasjar frå åremålsdagar og gravferder, nytt frå styre og stell, og intervju med viktige personar. Den gongen fungerte nok bladet lokalt faktisk som ei informasjonsavis.

Men sjølv om eit og anna har forandra seg, er aktuelt stoff alltid velkome!

Frist for innsending av stoff til sommarnummeret er
27.05.08

Send gjerne på e-post: kristofferfo@gmail.com

eller send til:
Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.